

Fornøgde med Aktivitetshuset

22.03.2010



Fornøgde med Aktivitetshuset: Frå venstre sit Bjarte Døssland, Odd Steinar Arnesen, Trond Myklebust, Bjørn Olav Tveit, Edle Lomheim og Michael Røssland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I 2009 vart Aktivitetshuset fullført og under generalforsamlinga i kveld vart det gjeve uttrykk for stor tilfredsheit med huset og også med den økonomiske stoda.

Så vart da også møtet gjort unna på eitt kvarter.

Berre på eitt punkt var dei 6 som deltok på møtet litt reserverte. Dei påpeika at styrkerommet bør bli meirnytta. No er det "våre nye landsmenn" som er klårt flinkast til å nytta rommet, men også bygdefolk bør bli oftare å sjå der.

Noko som kan oppmuntra fleire til meir bruk av rommet kan vera å reservera det for bestemte grupper, vart det påpeika.

I dag er Aktivitetshuset avhengig av inntekt frå flaskepantordninga og Damevennene for å gå i balanse. Det er eit mål å sjå etter alternative inntektskjelder både for å gjera økonomien uavhengig av desse to kjeldene og for å redusera belastninga på dei faste leidgetakarane.

Ei viktig kjelde her er fleire arrangement i helgene, då det i motsetnad til i veka er plass i huset.

- Her er vi vakne for innspel frå bygdefolket, seier attvald styreleiar Bjørn Olav Tveit til Uskedalen.no.

Med seg i styret har han Oddmund Soldal, Edle Lomheim, Trond Lekva Myklebust og Michael Røssland. Soldal erstatta Odd Steinar Arnesen, som har vore kasserar og representant for den største aksjonæren idrettslaget.

Arnesen kunne mælda om god likviditet. Rekneskapen viste driftsinntekter på 155 542 kroner og driftskostnader på 110 610 kroner slik at driftsresultatet vart 44 932 kroner. Til frådrag kom rentekostnader på 61 741 kroner slik at det vart eit negativt årsresultat på 16 576 kroner.

Dette blir dekt ved overføring frå annan eigenkapital.

Posten "bankinnskot,kontantar og liknande" inneheldt ved årsskiftet 182.537 kroner.

Av Ola Matti Mathisen